

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Magne Verpelstad	FE-151	20/288

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
043/2021	Kommunestyret	PS	23.09.2021

Løyving til grunnundersøkingar på Mo

Forslag til vedtak:

Det vert løyvd kr 600 000 til geologiske undersøkingar på Mo. Løyvinga vert lagt til rammeløyvinga til Teknisk etat som aukast frå kr 15 299 425 til kr 15 899 425.

Utgifta vert finansiert ved bruk av midlar frå næringsfondet.

Kommunestyret ber om administrasjonen arbeider vidare med anbudsgrunnlaget for grunnundersøkingar, og ber om at midlar til grunnundersøkingar vert lagt inn i budsjettframlegg for 2022.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I samband med bekymringsmeldingar knytt til grunntilhøva på Mo, tek rådmannen sikte på å hente inn anbod på geologiske undersøkingar. Som kjent har det vore meldt om skader på bygningar i området knytt til mogleg rørsle i grunnen. Det er viktig å få avklart årsaken til desse hendingane, og kva som evt kan gjerast med dette. Det er behov for å få sett av midlar til dette arbeidet. Behovet stipulerast til kr 600 000.

Vurdering

Det vert vurdert at dette arbeidet ikkje er av investeringsmessig karakter. Utgiftene må difor rekneskapsførast og finansierast i driftsrekneskapen/-budsjettet.

Alternative finansieringskjelder kan vere:

- Næringsfondet

- Omdisponering av midlar/bruk av meirinntekt
- Generelt disposisjonsfond

Ang bruk av næringsfondet:

Dette vert vurdert å vere innafor det som næringsfondet kan nyttast til når det gjeld: «Kommunale fellestiltak som tryggjer og auker busetnaden i Modalen kommune», jfr vedtektene for næringsfondet.

Bruk av næringsfondet til finansiering av slike undersøkingar vil medføre færre midlar til å finansiere næringsretta tiltak.

Pr 1.1.21 er det rekneskapsført kr 3,6 millionar på næringsfondet. Dette er oppdatert etter avslutning og revidering av rekneskapen for 2020. Basert på opprinneleg budsjettet tilgang og bruk av næringsfondet i 2021 er næringsfondet venta å auke til om lag kr 4,5 millionar pr 1.1.22.

Det vert vist til saka om løyving til rassikring, der det vert tilrådd bruk av kr 1 048 000 frå næringsfondet. Dersom det vert gjennomført ved bruk av næringsfondsmidlar vil stipulert nivå pr 1.1.22 vere redusert til om lag kr 3,45 millionar pr 1.1.22. Finansiering av grunnundersøkingar ved bruk av næringsfondet, vil redusere stipulert nivå ytterlegare til om lag 2,85 millionar pr 1.1.22.

Angående omdisponering av midlar/bruk av meirinntekt:

Pr utgangen av august er inntekta frå sal av konsesjonskraft i tråd med årsbudsjettet. Kraftprisane er høge, og det er såleis venta at kommunen vil få høg pris for konsesjonskrafta dei siste månadane i året òg, og såleis få ei betydeleg meirinntekt som kan nyttast til å finansiere utgifter til grunnundersøking. Me står no føre 2. tertialrapportering. Det kan vere negative avvik i drifta elles som det er behov for midlar til å dekke opp. Såleis vil det vere hensiktsmessig å ha den venta meirinntekta i bakhånd som ein buffer mot eventuelle negative avvik.

Ang bruk av Generelt disposisjonsfond:

Generelt disposisjonsfond er midlar som kan nyttast både til å finansiere driftsutgifter og investeringsutgifter. Desse midlane er fullt og heilt til kommunestyret sin disposisjon utan avgrensing av andre enn kommunestyret sjølv. Det er viktig å ha tilgjengelege midlar på disposisjonsfond som buffer for uføresette hendingar både i drifta og på investeringssida.

Pr 1.1.21 er det rekneskapsført kr 1,9 millionar på Generelt disposisjonsfond. Dette er oppdatert etter avslutning og revidering av rekneskapen for 2020. Basert på opprinneleg budsjettet tilgang og bruk av disposisjonsfondet i 2021 skulle fondet auke til om lag kr 3,9 millionar pr 1.1.22. På bakgrunn av justeringar av driftsbudsjettet som vart gjort i samband med 1. tertialrapportering 2021, er det lagt til grunn ein reduksjon/forverring av fondskapitalen med om lag kr 1,2 millionar. Stipulert nivå pr 1.1.22 er såleis kr 2,7 millionar.

I budsjettet for 2020 var det lagt inn midlar til ny bil til Modalstunet/barnehagen. Denne bilen vart kjøpt i 2021. Løyvinga er ikkje flytta til 2021-budsjettet. Det er planlagt gjort i samband med 2. tertialrapportering. Aktuell finansiering vil då vere generelt disposisjonsfond. Stipulert nivå pr 1.1.22 vil då verte kr 1,9 millionar.

Konklusjon

Arbeidet med geologiske undersøkingar, er viktig å få gjennomført. Det er ikkje rom for å finansiere utgiftene innanfor gjeldande driftsløyvingar. Rådmannen legg til grunn at det er viktig å skjerme midlane på Generelt disposisjonsfond. Dersom tiltaket skal finansierast med fondsmidlar vert det såleis tilrådd å nytte næringsfondet.

Det vil truleg vere realistisk at kommunen vil få meirinntekt når det gjeld konsesjonskraftinntekt i 2021 som er høg nok til å dekke denne løyvinga. Det er likevel ikkje sikkert. Det er òg slik at det kan vere andre negative avvik i drifta, der denne meirinntekta kan nyttast som saldering, og ein bør såleis ha venta meirinntekt som buffer for dette i årets driftsbudsjett/-rekneskap.

Tilrådinga vert difor å nytte næringsfondet.

Kommunestyret - 043/2021

KS - behandling:

Ordførar, rådmannen og teknisk sjef orienterte kort om saka og svara på spørsmål.

Håvard Engeseth fremma forslag om at løyvingane til grunnundersøkingane vert utsett til 2022, og at administrasjonen legg desse midlane inn i rådmannen sitt budsjettframlegg til kommunestyret i desember.

Ordførar tok Håvard Engeseth sitt framlegg til vedtak opp til votering. Samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Kommunestyret ber om administrasjonen arbeider vidare med anbudsgrunnlaget for grunnundersøkingar, og ber om at midlar til grunnundersøkingar vert lagt inn i budsjettframlegg for 2022.